

Imorgon tysdag har helselaget eit vanleg medlemsmøte med 2 viktige saker på programmet, melder leiar Selma Eik. Det er styrkjetrening og demensaksjon og møtet startar klokka 19.30.



Selma Eik er framleis helselagsleiar

Demensaksjonen er eit årleg tiltak og no gjeld det å planleggja innsamlinga i detalj. Den skal gå føre seg mellom 15. og 21. september.

Styrkjetreninga er derimot eit nytt tiltak. Det har tidlegare vore trening for kvinner i idrettslaget sin regi og det var ein stor suksess. Aud Fausk som har leia eit slikt tiltak for eldre på Husnes har lova å få det igang også her men sidan tek laget sikte på å satsa på lokale instruktørkrefter.

Det vert truleg trening på måndag føremiddag - altså berre ein gong i veka - men dette er ikkje endeleg bestemt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen